



Osterøy Kommune
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Referanser:

Dykkar: 431710e6-bdd1-46a4-af86-
7b51dec9068a
Vår: 23/7328 - 23/83237

Saksbehandlar:

Kristin Moe
kristin.moe@alver.kommune.no

Dato:

28.10.2023

Førespurnad om avtale om byte av tenester som barnehagemyndede mellom Alver og Osterøy kommunar

Viser til skriv frå Osterøy kommune, datert 22.09.2023, der de legg fram dykkar ønskje om å etablere ein avtale mellom våre to kommunar i høve til utøving av mynderolla knytt til barnehage.

De presenterer eit framlegg til byte av tenester knytt til tilsyn, godkjenning og handsaming av klager frå føresette. Framlegget inkluderer at Alver kommune utfører oppgåver knytt til mynde for Osterøy kommune sine sju barnehagar, og at Osterøy kommune utfører tilsvarande oppgåver for sju av Alver kommune sine barnehagar.

Alver kommune takkar for førespurnaden. Alver har ei positivt haldning til samarbeid med andre kommunar.

Dykkar ønskje i sak er vurdert og vi har diverre kome fram til at vi ikkje kan inngå ein slik avtale på noverande tidspunkt. Grunngeving for dette er hovudsakleg knytt til kapasitet.

Alver kommune ønskjer dykk lukke til med arbeidet.

Med helsing
Alver kommune, Oppvekst

Kristin Moe
Kommunalsjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Osterøy Kommune

Postboks 1

5293

LONEVÅG